


# *Litt om Åmli før og nå*



OPPIERINGSORIGINALER – LOKALKUNNSKAP

av  
Arild Håkedal

## INNHALD

	Side
Føreord.....	2
Åmli – namnet og kommunevåpenet.....	3
Åmli – kart.....	5
Folketalet i Åmli før og nå .....	7
Om gardar i Åmli.....	9
Korleis Åmli har vore og er styrt.....	13
Korleis skulen har forandra seg.....	17
Trogfjell .....	22
Planter i Breitoen.....	24
Trogfjellstigen .....	25
Den gamle kyrkjegarden.....	31
Utviklinga av Åmli sentrum .....	37
Elvarheim (om bygning, museet m.m.).....	43
Åmfoss bru .....	66
Ferjesundet.....	68
Klokkargarden .....	71
Kallingsheia.....	73
Mjåvasstøyl og Vestre Fiskvatn .....	76
Bureising i Åmli .....	79
Åmlibilde blei århundrets frimerke .....	81
Om nyttbare mineral i Åmli .....	82
Guse – Steffan .....	84
Fredlause sambygdingar.....	87
Skoggangsmannen Ånund Gangsei.....	88
Engvald Bakkan – stoff .....	90
Årdalen naturreservat .....	97
Trekkfuglar til Åmli, når?.....	99
Oversikt over stoff i lokalhylla på Åmli skule .....	100

## FØREORD.

Det kan vere vanskeleg å leite fram stoff som har med lokalkunnskap å gjere. Stoffet er som oftast spreidd i eit utal av kjelder. For å gjere dette lettare tilgjengeleg har eg samla *ein del* emne i denne permen. Det kan sikkert vere ulike meiningar om utvalet er gjort rett, om noko har fått for mykje plass, for lite eller manglar heilt. Etterkvart som arbeidet skreid fram måtte det setjast ein stopp for i det heile å bli ferdig. Mange prosjekt er kansellert.

Når eg har valt å samle materialet i ein ringperm var det for at det skulle vere lett å komplimentere stoff, og som kvar einskild brukar kan sette inn sjølv. Eit anna viktig poeng er at ringperm gjer det lett å kopiere aktuelle sider med lite tap av kvalitet. Lay-out er òg forma slik at ei vanleg kopimaskin kan gje eit brukbart resultat. Val av papirkvalitet har vonleg vore god nok til at arka kan tole bruk over tid. Dersom ikkje må ein vurdere å leggje arka i plastlommer. Dei fleste emneområde har oppgåver knytt til stoffet, slik at det skal vere lettare for brukarar med lite lokalkunnskap å bruke dette i ei aktiv undervising. Eg vil tilrå at elevane får ei A-4 arbeidsbok (eller fleire) til å lime kopiane inn i. Dette er for elevane meir robust og varig enn ein ringperm. Dessutan gjer dette det mogleg for eleven å gjere boka si meir personleg, med kommentarar og illustrasjonar på ledig plass.

Språket er lagt på ungdomsskulenivå, så til bruk i lågare klasser må vel læraren transformere det etter skjønn.

Ein god del av stoffet er nyprodusert i samband med permen, samstundes med at eldre arbeid er tatt med. Dersom anna ikkje er nemnt er det underteikna som står for skrivinga. Nokre signerte artiklar av andre er tatt med.

Ein del av emna blir avslutta med ein tekstboks der tips om fordjuping er nemnt. Litteratur og kjeldeliste kunne vore gjort mykje lengre, men eg har lagt vekt på det som er tilgjengeleg i lokalhylla på Åmli skule.


Illustrasjonar er henta frå så mange kjelder at eg har valt å ikkje oppgje desse. Framsida er i frå eit foto tatt av Åse Emilie Øy av eit amatørmåleri frå tida rett før år 1900, databearbeidd av Halvard Skårdal.

Denne permen er i fyrste rekke laga for bruk i skulen, men kan vel òg brukast av kulturkontor, bibliotek, museumsguidar m.fl.

Åmli i oktober 2001

Arild Håkedal

## ÅMLI – NAMNET OG KOMMUNEVÅPENET.



### NAMNET.

Åmlinamnet kjem frå den garden som nå er prestegarden. Språkforskarane meiner det fyrst var Almlið, så Åmlið. I – en forsvann alt på 1400 talet. Døme på seinare stavemåtar ein kan finne er Åmliða (ca 1440), Omlid (1505), Ohmlj (1595), Nå er det tydeleg at fordanskinga har skjedd. Seinare finn me Ombelie, Omlie og Aamli. Då Å – en vart innført som bokstav i Norge i 1917, fekk me endeleg dagens skrivemåte. Namnet kjem frå *almr* = treet alm. Dette var eit vedfullt tre i gamle dagar, særleg at bastlaget, laget mellom bork og ved, gjorde at flatbrøda bandt seg betre saman. Ein har inntil nyleg trudd at treet bare vart brukt til menneskeføde i naudsår, men nå meiner ein det var meir i vanleg bruk.

Alm i dag finn ein bare her og der i bygda. Største samlinga eg har funne er i Rislandsskogen ovanfor kommunehuset, og det ligg ikkje langt frå prestegarden.

Som gardsnamn/stadnamn finn me det i dag t.d. i Herefoss, Sirdal, Valle, Fyresdal og Vinje. Sidan det var prestegarden som var Åmli – garden hos oss, blei prestegjeldet kalla Åmli. Då me fekk eigne kommunar i Norge i 1837, blei kommunenamnet det same som prestegjeldet. Dette var vanleg, andre døme på det same er Gjerstad, Froland, Valle m.fl.

### KOMMUNEVÅPENET.

I 1987 fekk Åmli godkjent beveren som kommunevåpen, og er aleine i Norge om dette valet. På førehand vart det utlyst ein konkurranse i bygda. Vinnar blei Odd Einar Ufsvatn, som i likhet med nr.2, Petter Riisland, hadde beveren som motiv. Det blei hyra ein profesjonell til å finpusse på motivet etter dei reglane som gjeld for slikt, og så vart det slik me kjenner det i dag. Valet av bever kjem av at bygda vår var sentrum for den siste beverstammen i Skandinavia, ja, kanskje heile Europa. For om lag 100 år sidan heldt han på å bli utrydda. Seinare har levande fangst av bever vore med på å spreie dyret ut over i Norge og utlandet. Det gamle namnet på bever var *bjor*. Fleire stadar i kommunen har namn etter dette dyret. *Bjorevja* er både namn på ei grend i øvrebygda, og er det gamle namnet på marinaen i Hegna. *Bjortjønn* i vestbygda var/er eit bruk på 3000 mål. *Bjorå* er eit stadnamn i vestbygda. *Bjorvatna* ligg innanfor Vehusheia.



Meir om temaet:  
Elvarheim museum.  
Inngangen ved Åmli  
skule.  
Jol i Åmli, 1987



## OPPGÅVER TIL ÅMLI-NAMNET OG KOMMUNEVÅPENET.

1. Kva kjem kommunenamnet av?
2. Kor låg garden med dette namnet?
3. Les om treet alm i ein flora. Skriv ned det du meiner er viktigast.
4. Finn eit godt kart, t.d. NAF si vegbok, og finn andre plassar som har namnet Åmli.
5. Nemn ein vanleg måte kommunenamna blei til på.
6. Kva er grunnen til at beveren blei kommunevåpenet i Åmli?
7. Kva er det gamle Åmlinamnet på bever?
8. Finn eit godt Åmlikart og leit opp plassar som har fått namn etter beveren.
9. Lag eit kort samandrag om livet til beveren.
10. Teikn, eller bruk ein kopi av kommunevåpenet med rett fargelegging. (Sylvfarga bever på blå botn.)

